

Sykkylven kommune
Rådhuset
Kyrkjevegen 62
6230 Sykkylven


Varselbrev til naboar og offentlege instansar m.fl. ved oppstart av reguleringsarbeid.

Dato: 06.09.2017
Vår ref: Halvard V. Straume
Dykkar ref: Arild Sunde Rinnan

Varsel om oppstart av omregulering frå skule til bustad på Ikornnes

I medhald av plan- og bygningsloven §12-8 varslar vi med dette oppstart av arbeidet med detaljregulering av gamle Jarnes skule på Ikornnes. Formålet med arbeidet er å utarbeide ein ny detaljreguleringsplan med bustadformål på den gamle skuletomta (gnr/bnr 40/39 og 40/111). Innanfor planområdet inngår også Ikornnes kyrkje (gnr/bnr 41/24) og eksisterande bustad på eigedom gnr/bnr 41/11.

Ein har valt å innarbeide bustadeigedom 41/11 i planområdet slik at eigdommen vert regulert i samsvar med gjeldande arealbruk og kommuneplan. I tillegg inngår Ikornnes kyrkje i planområdet. Dette er ei følgje av at omreguleringa vil medføre tap av parkeringsmoglegheiter på den gamle skuletomta, og ein ynskjer i planarbeidet å vurdere om det er mogleg å regulere inn erstatningsareal til parkering i ny plan.



Planavgrensing som inneheld gamle Jarnes skule, Ikornnes kyrkje og eigedom 41/11.


Hensikten med planarbeidet

Gamle Jarnes skule er nedlagt og erstatta av ein ny skule like ved. Sykkylven kommune har ikkje lengre behov for den gamle skuletomta og ynskjer å omregulere arealet til nye bustader.

Ein vil gjennom planarbeidet avklare blant anna ny tilkomst til området, korleis arealet skal disponerast (parkering, leike- og uteareal m.fl.), samt utnyttingsgrad og høgder for dei nye bustadene.


Gjeldande plansituasjon

Planområde er i kommunedelplan for utvida sentrumsområde (vedtatt 28.10.2010) avsett til offentlig formål, med unntak av eigedom 41/11 som er avsett til bustadformål.



Utsnitt av gjeldande kommunedelplan for utvida sentrumsområde 201-2020.

Området er regulert til offentlig formål i reguleringsplan for del av Knutgarden – Ikkornes (vedtatt 04.11.1969).



Gjeldande reguleringsplan for den gamle skuletomta (reguleringsplan for del av Knutegarden – Ikorntnes, vedtatt: 04.11.1969).

Planområdet grensar til følgende reguleringsplanar:

- Reguleringsplan for Hellen/Sætre (vedtatt: 09.09.2002)
- Reguleringsplan nye Sørestranda skule, gnr./bnr. 41/1 og 41/2 (vedtatt: 30.06.2008)
- Reguleringsplan for Meieridalen (vedtatt: 27.05.2013)

Vurdering i forhold til krav om konsekvensutgreiing

Planarbeidet er vurdert i forhold til forskrift om konsekvensutgreiing (01.07.2017). Planen legg opp til bustadbygging i mindre skala innanfor eit eksisterande bustadområde. Planområdet erstattar eit eksisterande byggeområde og ein kan ikkje sjå at planen vil ha vesentlege verknader på miljø og samfunn.

Med bakgrunn i forskrift om konsekvensutgreiing vil det ikkje vere behov for planprogram og konsekvensutgreiing i arbeidet.

Frist for innspel/merknader til oppstartsvarsel

Oppstart reguleringsarbeid vil bli kunngjort i Sykkylvsbladet i uke 36. Oppstartsvarsel vil bli lagt ut på <http://www.nordplan.no/kunngjeringar/>. Varslingsperioden settast til 4 veker. Vi ber derfor om å få tilsendt evt. innspel/merknader **innan 06.oktober 2017**.

Innspel/merknader må sendast skriftleg til Nordplan AS avd. Ålesund v/ Halvard V. Straume, Notenesgata 14, 6002 Ålesund, evt. per e-post til hs@nordplan.no

Med vennleg hilsen
For Nordplan AS

Halvard V. Straume

Halvard V. Straume
Fysisk planleggjar, tlf 48 89 12 58
hs@nordplan.no

Vedlegg Møtereferat frå oppstartsmøte i Sykkylven kommune, datert 06.09.2017
Planområdet si avgrensing